

## REFERAT FRÅ MØTE I FAU

Møtestad: Lindås ungdomsskule.

Tidspunkt: Tysdag 16.oktober, 2018, klokka 18.00.

Møtte; Siri Øksnes 8a, Ida Marie Nordahl vara 8b, Anita Langøy-Jørgenvik 10a, Hege Lie vara 10b, Marit S Sæbø 9b, Tore Gjerstad 9a,

Møtte ikkje; Henriette Rolland rektor, Solveig Holsen 10b.

### **Sakliste:**

#### **Sak 6 – 18/19                      Barsediskotek**

Vert fredag 26.10 frå kl 18-20.00. Kr 100,00 i inngangspengar, popkorn og drikke er inkludert. Foreldre og elevar frå 9.kl som arrangerer. Siri sjekkar om Makus kan laga plakatar, sendas heim med elevane, seinast på måndag 22.10.

Malin 8a     1 plakat- Kaland skule

Sara 8b     2 plakatar- Myking skule og butikken på Myking

Sandra 10b 7 plakatar- Spar på Seim, Rema og Kiwi på Lindås, Hundvin Handel, Skodvin Montessori, Spar og Rema på Mongstad.

Samuel 10 a 3 plakatar   Barneskulen på Lindås, Lindås-hallen, Best på Lindås.

Siri sjekkar opp i om det kan lagast arrangement på LUS si FB side, elles deler alle klassekontaktar der dei har kontaktar på andre nærliggande barneskular.

#### **Sak 7 – 18/19                      Åtferdsregel 10 og 11**

Det vart ein god diskusjon i FAU-gruppa med mange gode synspunkt både for og imot mobil i skulekvardagen.

- Dersom ein bestemmer at det vert forbod mot mobil er det viktig at det kjem tilbod til andre aktivitetar for elevane.
- Viktig med fokus på riktig bruk av telefon. Opplæring i mobilvett, og klare reglar for kva som er lov og strenge konsekvensar dersom dette vert brutt.

- Positivt med bruk av telefon ifbm undervisning f.eks på Google og Youtube.
- For usikre elevar kan det være ein tryggleik i å ha med seg telefonen.
- Vanskeleg for elevane å logge av frå sosiale medier og omstilla seg til timane?
- Ser ikkje at elevane har behov for telefon i løpet av skuledagen, lærar kan eventuelt dele ut om nødvendig.
- Væra sosiale med kvarandre utan mobil.
- Alvorleg dersom nokon opplever å bli tatt bilde av i det skjulte, eller vært mobba via telefon.
- Vil lærarane bruke mykje tid på å følgje opp eit eventuelt mobilforbod?

Me kom ikkje fram til ein konklusjon, men det var fleirtal for at elevane skulle få ha telefonen til/frå skulen og at lærarane kunne bestemma å la elevane ta fram mobilane i timen dersom det var nødvendig/nyttig i undervisninga. Uansett meiner me at det er viktig at ungdommane vert høyrte i denne saka og at det vert grundig forklart for dei kvifor regelen evt vert endra.

#### **Sak 8 – 18/19                      Skidag til Eikedalen**

Har hittil vore ein gong i løpet av eleven sin periode på LUS. Er det økonomi til å reise kvart år? Er det mogleg å dele opp med nokon på skidag og nokon til badeland? Tar dette punktet opp igjen når kasserar er på møte og kan informera om økonomien.

#### **Sak 9 – 18/19                      Avslutningsmiddag for FAU**

Spørsmål om ein skal droppe middagen og heller bruka pengane på elevane. Me syns det er ein fin tradisjon med ein liten påskjønning for dei som sit i FAU. Ein kan heller prøva å finna eit rimeleg alternativ.

#### **Sak 10 – 18/19                      Stønad til foredrag av Marco Elsafadi**

FAU vil heller at ein undersøker om det er mogleg å få inn andre foredragshaldarar som kan snakka om mobilvett.

#### **Sak 11 – 18/19                      Mobilfri natt**

FAU legg ut på klassane sine FB sider om at me oppfordrar til mobilfri natt.

**Sak 12 – 18/19**

**Ymse**

- Ynskje om fokus på mobilvett reglar. Kan ein ha eit foredrag med nokon frå Barnevakten, eventuelt nokon som har opplevd dei negative sidene med mobilbruk og sosiale mediar.

Ida Marie Nordahl

referent

